



Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon

Lene Stavseng, 55 57 21 22

## Tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Kvinnherad kommune 2019 - svar på tilbakemeldingsplan - avslutning av tilsynet

Vi viser til vår tilsynsrapport datert 20.09.2019 og til dykkar brev av 21.10.2019. I brevet presenterer de ein plan for korleis de vil lukke avvika som vi påviste under tilsynet 18.06.2019.

Vi har ikkje merknadar til at de planlegg å lukke avvik tre (beredskapsplanen) og avvik fire (system for opplæring) seinast ved utgangen av mars 2020.

Når det gjeld avvik éin (risiko- og sårbarheitsanalysen), meiner vi at det bør lukkast før utgangen av 2020. Det er bra at de ser arbeidet med ny ROS-analyse i samanheng med ny kommuneplan, men vi meiner at dei to prosessane ikkje bør skje parallelt i tid. Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen bør vere eit viktig kunnskapsgrunnlag for arbeidet med ny kommuneplan. Så langt det er mogleg bør difor analysen vere ferdig før kommuneplanprosessen er komen for langt. Vi meiner at den heilskaplege ROS-analysen bør vere ferdigstilt seinast 15. september 2020.

Lukking av avvik to (heilskapleg og systematisk samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid) heng nøye saman med den heilskaplege ROS-analysen, og vi har ikkje innvendingar til at de ferdigstiller arbeidet seinast ved utgangen av 2020.

Vi ber om å få ei orientering når avvika er lukka. Vi oppmodar dykk om ta kontakt med oss viss de har spørsmål eller kommentarar, eller de ynskjer rettleiing i dette arbeidet.

Tilsynet med Kvinnherad kommune vert med dette avslutta.

Med helsing

Haavard Stensvand  
fylkesberedskapsjef

Lene Stavseng  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*